

Fortid & notid for framtid

Arkiv og kulturformidling

Handlingsprogram, budsjett 2017 og
økonomiplan 2017-2020 med investeringar

IKA Møre og Romsdal

1.	Innleiing.....	3
2.	Status og utfordringar.....	3
3.	Mål og strategiar	3
4.	Sikre arkiv for framtida	4
4.1	Kartlegging	4
4.2	Kurs, konferanse og faggruppemøte.....	4
4.3	Bevaring og kassasjon.....	4
4.4	Papirarkiv	4
4.4.1	Personregister	4
4.4.2	Historisk kommunalt arkiv	5
4.4.3	Privatarkiv	5
4.4.4	Ordning, registrering og tilgjengliggjøring av papirarkiv i Asta.....	5
4.4.5	Depot for papirarkiv	6
4.4.6	Ordningsprosjekt for kommunane	6
4.5	Elektroniske arkiv	6
5.	Formidling	7
6.	Digitalisering	7
7.	Organisasjonsutvikling	7
8.	Kulturnett / Fylkesfotoarkivet / SEDAK	8
9.	Budsjett 2017	11
10.	Økonomiplan 2017-2020	12
11.	Økonomiplan Investeringar 2017-2020.....	12

1. INNLEIING

Bevaring og tilgjengeleggjering av eigne arkiv er ei av mange oppgåver som kommunane og fylkeskommunen skal løyse. I Møre og Romsdal har alle kommunane og fylkeskommunen gått saman og oppretta Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS (IKAMR) for å løyse desse oppgåvene i fellesskap.

IKAMR sin visjon er «Fortid og notid for framtid».

IKAMR skal arbeide for at arkivmateriale frå medlemmane eller slikt materiale som desse tek ansvar for, blir tatt vare på og gjort tilgjengeleg for offentleg bruk, forskning og andre administrative og kulturelle formål, i samsvar med arkivlova.

IKAMR har depotansvar for arkivmaterialet til 35 av dei 37 eigarane våre. Vi utøver også arbeid knytt til privatarkiv. I 2017 vil det bli utført digitalisering- og ordningsoppdrag finansiert på sida av ordinær medlemskapskontingent.

IKAMR har som selskap også blitt tillagt arbeidsoppgåver som kjem utanom pliktene i selskapsavtalen. Dette gjeld ansvaret for Kulturnett Møre og Romsdal, FylkesFOTOarkivet og SEDAK (Fylkessenter for Digitalisering av Kulturarven). Desse oppgåvene er lagt til oss av Møre og Romsdal fylkeskommune.

2. STATUS OG UTFORDRINGAR

Satsingsområda til IKAMR er:

- Sikre arkiv
- Digitalisering
- Organisasjonsutvikling

Kommunereforma vil utfordre IKAMR på alle desse 3 områda. Det vil bli omfattande endringar i oppbygginga av eigarskapet til IKAMR i den neste økonomiperioden. Ein endra eigarstruktur og ny finansieringsmodell må på plass.

IKAMR vil måtte jobbe med å tilpasse kapasiteten på tenestene i forhold til kva eigarkommunane vil bestille frå oss. Dette gjeld både for kapasitet på oppbevaring (hyllemeter), digitaliseringstenester og ordning av arkiv. I løpet av 2017 må IKAMR ta ei beslutning om utviding av lokale i forhold til digitaliseringsoppdrag og ordningsoppdrag.

IKAMR må arbeide for å få på plass ein finansieringsmodell som er robust i forhold til endringar i eigarskap.

3. MÅL OG STRATEGIAR

IKA Møre og Romsdal skal vere det leiande arkivfaglege kompetansesenteret for eigarane.

Vi skal hjelpe kommunane til å oppfylle deira lovpålagte arkivoppgåver på ein effektiv og rasjonell måte. Vi skal kunne levere tenester innan arkiv basert på behova til eigarkommunane.

Dei 3 satsingsområda for 2017-2020 er:

1. Sikre arkiv for framtida

Riksrevisjonens undersøking frå 2010 av arbeidet med å sikre og tilgjengeleggjere arkiva i kommunal sektor viste manglande sikring og tilgjengeleggjering og dermed auka risiko for at mykje bevaringsverdig dokumentasjon vil gå tapt.

2. Digitalisering

Eigarane til IKAMR gjennomfører for tida ei omfattande digitalisering av arbeidsprosessane sine. Kommunane er likevel i ein mellomperiode der dei har fullelektroniske arkiv for delar av arkiva, men ikkje for alt. IKAMR skal tilby digitalisering av arkiv.

3. Organisasjonsutvikling

Kommunereform – modell for finansiering

Kompetent organisasjon

Arkivfagleg utvikling

God kommunikasjon

God økonomistyring

4. SIKRE ARKIV FOR FRAMTIDA

Det meste IKAMR gjer av oppgåver fell inn under det å sikre arkiv for framtida.

4.1 Kartlegging

Skal ein sikre arkiv er det heilt avgjerande at ein har oversikt over kva arkiv som finst, kor det er lagra og kva det inneheld. For å få til dette må IKAMR i 2017 gjennomføre eit kartleggingsprosjekt i samarbeid med kommunane. Før ei kommunereform vil dette arbeidet vere spesielt viktig å ha gjennomført.

4.2 Kurs, konferanse og faggruppemøte

IKAMR skal arrangere 3 kurs om "Ordning av eldre arkiv". Om nokon av eigarkommunane ønsker det arrangerer IKAMR kurset lokalt også.

Den årlege kontaktkonferansen for IKAMR sine medlemmar vil bli arrangert i Kristiansund i byrjinga av juni. Kontaktkonferansen skal vere ein viktig arkivfagleg arena for arkivarar i fylket.

IKAMR vil delta i faggruppemøta til:

- SSIKT - Søre Sunnmøre samarbeidet
- eKommune Sunnmøre
- ROR-IKT samarbeidet
- IKT ORKidé samarbeidet

4.3 Bevaring og kassasjon

Frå 1. februar 2014 blei nye bevarings- og kassasjonsreglar for fylkeskommunale og kommunale arkiv innført. Rettleiaren er klar og Representantskapet til IKAMR bad om at dette arbeidet skulle bli prioritert. IKAMR vil hjelpe eigarane våre å få på plass bevarings- og kassasjonsplanar.

4.4 Papirarkiv

4.4.1 Personregister

Ekspedering av mappedokumentasjon aukar i takt med at mengda deponert materiale aukar.

30 av kommunane i Møre og Romsdal deltek i oppreisningsordninga for personar som med heimel i barnevernslova vart plasserte ved barneheim, skuleheim og spesialskule fram til 1. januar 1993. Sekretariatet er lagt til Møre og Romsdal fylkeskommune. 50% av ei stilling ved IKAMR er frikjøpt for å gjere arkivundersøkingane i ordninga – og går inn som ein del av sekretariatet.

Oppreisningsordninga for barn og unge som fekk behandling for tuberkulose i sjukehus kjøper tenester av sekretariatet.

Ein skal vidareføre registrering på boksniå av nye avleveringar i Asta. Alle personregisterseriar som er registrerte i Asta skal i løpet av året publiserast til arkivportalen.no. Det skal jobbast vidare med å samkøyre rutinar for handtering av eldre arkiv og personregister. Personregisteransvarleg skal i løpet av året hospitere ute i kommuneforvaltninga for å få betre forståing for daglege rutinar, noko som vil danne grunnlag for betre rådgjeving.

4.4.2 Historisk kommunalt arkiv

Ein stor del av arbeidet med eldre arkiv i 2017 vil vere ordning og registrering av arkiv, formidling, rettleiing, korrekturlesing av avleveringslister og mottak av arkiv.

Kommunereforma påverkar arbeidet med eldre arkiv i Møre og Romsdal. Vi har dei siste åra arbeidd med å kartlegge papirarkiva i kommunane. I 2016 utvikla vi ein rutine med eit skjema som vi brukar når vi arbeider med å skaffe oss ei oversikt over eldre og avslutta arkiv. Dette skjemaet viser også kva ein må gjere med dei ulike arkiva for at dei skal kunne avleverast til depot. Skjemata skal ligge i arkivplanen til kommunen. I 2017 skal vi arbeide vidare med å implementere denne arbeidsmetodikken, og målet er at kommunen sjølv skal kunne bruke rutinane. Ei slik kartlegging vil synleggjere kor mykje papirarkiv som står att ute i kommunane, og kor mykje det vil koste å få det ordna og avlevert til depot.

4.4.3 Privatarkiv

9 kommunar og Møre og Romsdal fylkeskommune er tilslutta ordninga med deponering av privatarkiv: privatarkivordninga. Dette inneber at IKAMR tek imot arkiv frå bedrifter, lag og privatpersonar i desse kommunane. Vi vurderer den kulturhistoriske verdien av arkiva og mengda i høve til kapasiteten vi har. Kommunane som er med er: Fræna, Giske, Hareid, Norddal, Rauma, Smøla, Stranda, Sunndal og Vanylven. I tillegg er fylkeskommunen med, noko som gjer at vi har tatt imot nokre andre arkiv.

Plan for 2017:

- Registrere privatarkivbestanden i Asta og legge ut på Arkivportalen
- Hjelpe lokale arkiv i Møre og Romsdal med å få registrert arkivbestanden i ASTA og publisere på Arkivportalen
- Starte arbeidet med å implementere bevaringsplanen for privatarkiv som er utarbeidd av Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane og IKAMR
- Samarbeide med Romsdalsmuseet og Nordmøre Museum om bevaring av privatarkiv
- Halde fram med arbeidet for å få ei stabil finansiering av bevaring og formidling av privatarkiv
- Næringshistorisk Forening vil vere viktig for å skape interesse for bevaring og formidling av næringslivsarkivet. Aktivisere foreininga
- Etablere samarbeid med Møre og Romsdal Idrettskrets om registrering og bevaring av idrettslagsarkiv
- Tilby kurs og foredrag hos lokale historielag og liknande lag/organisasjonar

4.4.4 Ordning, registrering og tilgjengliggjøring av papirarkiv i Asta

IKAMR har eit stort etterslep på ordning av arkiv som er eldre enn førre store kommunereform, og det er tidrevjande å betjene uordna arkiv. Dess meir arkiv IKAMR tek imot, dess fleire førespurnader mottar vi. I 2017 må ein derfor setje av ressursar til å skaffe seg ei oversikt over kor mange hyllemeter arkiv ein har som er finordna, grovordna og uordna.

IKAMR skal i 2017 styrke rutinane for registrering og kvalitetssjekking av registrerte arkiv i Asta. Det har dei siste åra blitt tatt i bruk ein nasjonal standard for arkivbeskriving, og denne standarden skal i 2017 tilpassast vår institusjon.

IKAMR vidarefører arbeidet med å få ei betre oversikt over magasinbeholdninga (sjå meir under depot) og få på plass gode rutinar for publisering av arkiv på arkivportalen.no. Institusjonen har som mål i 2017 å starte arbeidet med å kvalitetssjekke arkivkatalogen og gjere den tilgjengeleg på arkivportalen.no. Dette arbeidet må gå over fleire år.

Alle arkiv som kjem til depot i 2017, som er ferdig ordna, listeført og etikettert skal bli gjort tilgjengeleg på arkivportalen.no kort tid etter mottak.

4.4.5 Depot for papirarkiv

Behovet for elektronisk depotstyring aukar med kvar hyllemeter arkiv som kjem inn. For å kunne jobbe effektivt og målretta med formidling av arkivbestanden må det prioriterast å sette inn ekstra ressursar på forbetring av depotstyring (logistikk) i programmet Asta. Dette arbeidet må gå over fleire år.

Vi skal prioritere å:

- kartlegge bestanden på arkivnivå og registrere det i Asta (med hylleplassering)
- komprimere arkiv der det er mogleg og dermed utnytte magasinane betre
- få oversikt over ledig kapasitet

4.4.6 Ordningsprosjekt for kommunane

Følgjande ordningsprosjekt vert det jobba med i 2017:

- Sandøy kommune
- Averøy kommune
- Fylkeskommunen, Fylkesbiblioteket 13,5 hm ymse arkiv
- Herøy kommune, Barne- og sosialarkiv 28 hm
- Smøla kommune, Personarkiv 30 hm
- Fylkeskommunen, Borgund vidaregåande skule, 7 hm sakarkiv
- Fylkeskommunen, Kulturvern 2,5 hm, ordning, digitalisering og opplasting
- Aukra kommune, 50 hm, saksarkiv
- Norddal kommune, 17 hm pasientarkiv
- Averøy kommune, 37 hm, mange forskjellige seriar

4.5 Elektroniske arkiv

Bevaring av elektronisk informasjon er eit ressurskrevjande arbeid. Eit sentralt prinsipp i bevaringsarbeidet er at ein skil mellom system og informasjon. Informasjonen blir bevart uavhengig av det opphavlege systemet den vart skapt i.

IKAMR er medstiftar av Kommunearkivinstitusjonenes Digitale Ressurssenter (KDRS) saman med fleire andre kommunale arkivinstitusjonar. KDRS skal hjelpe med handsaming av elektroniske og digitaliserte arkiv gjennom å vere rådgjevar og utvikle løysingar.

Resultatmål i 2017 for bevaring av elektroniske arkiv i IKAMR:

- Bruke KDRS prosessar og rutinar for bevaring og formidling av digitalt skapt materiale
- Tilpasse KDRS produksjonslinje for bevaring og formidling av elektroniske system – mottak, konvertering, bevaring og formidling

Resultatmål i 2017 for bevaring av elektroniske arkiv for alle 37 kommunar/fylkeskommunen:

- Alle skal deponere minst 3 system til IKAMR
- Alle skal få godkjent minst 1 system av IKAMR

- Lage formidlingspakke for minst 20 system til kommunane/fylkeskommunen
- Invitere til regionale fagseminar for IT-tilsette i kommunane med ansvar for bevaring/uttrekk (IKT ORKidé, ROR-IKT, SSIKT, eKommune Sunnmøre)

IKAMR deltek i nasjonale prosjekt for elektroniske arkiv:

- KDRS *Utforming av felles prosesser og rutiner for digitalt skapt materiale*
- KDRS *Produksjonslinje for bevaring og formidling av elektroniske arkiv fra kommunal sektor*

5. FORMIDLING

IKAMR arbeider med å auke bevisstheita om arkiv som eit unikt kjeldemateriale. Vi har som mål å formidle heilskapeleg samfunnsdokumentasjon for allmenta, til bruk i forskning og kulturelle og administrative formål.

IKAMR skal arrangere Arkivdagen. Arrangementet har vore ein suksess og ein viktig formidlingskanal for IKAMR med bra omtale i media.

IKAMR vil etablere kontakt med Historisk institutt ved Høgskulen i Volda for å avklare om arkiva ved IKAMR kan vere av interesse for forskarar og studentar.

6. DIGITALISERING

Digitalisering av arkiv er viktig for å kunne sikre arkiva for framtida og for å legge til rette for betre framfinning og tilgjengeleggjering av dei. IKAMR skal tilby kommunane hjelp med å digitalisere arkiv for å legge til rette for raskare saksbehandling, betre service til innbyggjarane og for å sikre arkiva for framtida.

IKAMR tilbyr digitalisering av arkiv til sine eigarar. Kapasiteten må tilpassast etterspørselen til eigarkommunane. For å kunne ha stor nok kapasitet må IKAMR investere i nytt utstyr. Sjå Økonomiplan med investeringar.

IKAMR skal i 2017 digitalisere arkiv for:

- Møre og Romsdal fylkeskommune (Arkivdelane Kyrkje, Kulturvern og 652)
- Ålesund kommune – byggesaksarkiv
- Ørsta kommune – byggesaksarkiv
- Vestnes kommune – byggesaksarkiv
- Skodje kommune - byggesaksarkiv

Det kan kome til fleire.

IKAMR skal vidareutvikle formidlingsløysinga for digitalisert arkivmateriale basert på NOARK5-kjerne.

IKAMR skal halde kurs i arkivplan.no for å gjere eigarane i stand til å ferdigstille og oppdatere arkivplanane sine. Oppdatert arkivplan er ein føresetnad for å kunne ha elektroniske arkiv.

IKAMR vil i samarbeid med SEDAK arbeide for å få basiskunnskap om metodar for å gjennomføre digitalisering av skada/lite leseleg arkivmateriale. Dette for å sikre informasjonen for ettertida.

7. ORGANISASJONSUTVIKLING

IKAMR skal i 2017 rigge organisasjonen for å vere førebudd på kommunesamanslåingar.

IKAMR skal vere ein kompetent organisasjon prega av samarbeid og tryggleik.

IKAMR skal:

- arrangere fellesmøte for alle tilsette med jamne mellomrom
- arbeide med å forbetre økonomistyringa i selskapet
- forbetre brann- og HMS-systemet
- oppdatere dokumentet "Lønnspolitisk retningslinje for IKA Møre og Romsdal IKS"
- implementere personalhandboka
- etablere kompetanseplan
- forbetre kommunikasjonen (telefon, internett og sosiale media)
- etablere tenestekatalog
- starte arbeidet med kvalitetssystem

IKAMR skal ha følgende styrande dokument på plass og implementert i 2017:

- Oppdatert selskapsavtale
- Økonomireglement
- Styreinstruks
- Instruks for dagleg leiar
- Etske retningslinjer
- Varslingsreglar

IKAMR har i 2016 oppgradert fleire IT-system. I 2017 skal vi hente ut gevinstar ved å bruke desse verktøya betre.

8. KULTURNETT / FYLKESFOTOARKIVET / SEDAK

Kulturnett:

I 2017 skal Kulturnett satse på å fylla ny kulturdatabase med innhald.

Satsingar:

- I 2016 fekk vi på plass ei ny lagringsløyising for kulturdata, metadata og visningsløyising for digitalisert materiale. Db.ikamr.no skal i 2017 fyllast med digitalisert materiale
- Kulturdatabase vart sett i drift 01.01.2017 og plassert hos Documaster. Alt materiale vert lagra i Noark 5 med evigvarande link – URN
- Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane har i 2016 oppdatert sine kulturdatabasar. Kulturnett må tilpassast den nye oppdateringa for foto og stadnamn
- Stadnamn frå Sykkylven og Eide skal digitalt kartfestast på nett
- Vidare samarbeid med Sogn og Fjordane fylkesarkiv om kulturdatabasar

Fylkesfotoarkivet:

Hovudfokus vert arbeid med fothistoria i Møre og Romsdal og opplasting av bilde og registreringsarbeid i databasen. Målet er å auke frå 180.000 bilde i nettbasen til 190.000 i 2017.

Betre stabilitet og ombygging til nytt datasystem i Sogn og Fjordane har betra tilhøva for opplasting av bilde og registrerings-/korrekturarbeid.

Fagleg prioritering

1. Arbeid med fothistorie frå Møre og Romsdal
2. DIS-dugadar
3. Database- og registreringsarbeid

Formidling

Fokus i 2017 vil vere registreringsarbeid i den nye nettbasen.

Fotoutstillinga «Grenseboarbevis» skal i 2017 til Aure kommune. Det er også planlagt utstilling i Ørsta med fotograf Martin Velle sine bilde. Sist men ikkje minst må det settast av tid til ei markering

av Møre og Romsdal Fotograflaug sitt 100-årsjubileum i 2017. Utstillinga «Då klokka klang», med skulebilde frå Nerland-arkivet, blir sett opp i Sunde/Eidsnes-området i samarbeid med Sula kommune. Dette fell godt saman med plan om mykje arbeid med fotografarkiva etter sulafotografane Olav Nerland og Knut Fylling i 2017.

Ny utstilling med ukjent tema, skal produserast til «Arkivdagen 2017».

Fotoarkiv

Ein gjennomgang av arkiv/samlingar og «netting» av mest mogleg av dette i 2017 skal ha prioritet saman med rydding og arkiveringsarbeid i klimamagasinet.

Ressursar

Dei faste samla offentlege tilskot frå fylket til FAK vil for 2017 vere tilnærma som i 2016, det vil seie om lag kr 750.000. FAK sitt "interne" budsjett vil i 2017 få ei ramme på ca kr 150.000. FAK vil i 2017 ha ei fast stilling med Kirkegata 10b som base.

Anna

Samarbeid med utvalde kommunar om digitalisering, registrering og formidling av fotografarkiv held fram i 2017. Det gjeld særleg Sunndal, Ørsta og Sula, men også Haram.

SEDAK:

Oppdrag:

Frå 2016:

- Møre og Romsdal fylkeskommune – digitalisering og publisering av Folkemusikkarkivet i ny Kulturnett databaseplattform
- Stiftinga Maritim Historie – vidare arbeid med digitalisering samt publisering av skipsteikningar for bokprosjekt Storvik i ny Kulturnett databaseplattform
- Næringshistorisk Forening – publisering Kverndokk og Eldøy i ny Kulturnett databaseplattform
- Ålesund kommune – vidare arbeid med digitalisering og import i Documaster av byggesaksarkiv (store format)
- Ørsta kommune – digitalisering og import i Documaster av byggesaksarkiv

Nye prosjekt 2017:

- Fylkesbiblioteket – digitalisering av lokalhistoriske kjelder for publisering i MøreRom. Samarbeidssøknad om prosjektmidlar frå Nasjonalbiblioteket
- Stiftinga Maritim Historie – digitalisering av skipsteikningar frå Nordmøre Museum
- Møre og Romsdal fylkeskommune – digitalisering av «652-arkivet» og opplasting i ePhorte
- Vestnes kommune – digitalisering av byggesaksarkiv

Kompetanseheving

- Online kurs i Phase One/Capture One PRO bilde- og kameraprogramvare
- Kurs i Adobe Acrobat programvare
- Studietur til 2+3D Photography – Practice and Prophecies – 2017 i Amsterdam. Denne reisa blir gjennomført saman med fleire andre frå fagmiljøet
- Studietur til fotoavdelinga til Nasjonalmuseet i Oslo for å lære om multispektral digitalisering
- Delaktig i hovudprosjekt til Nasjonal publiseringsplattform (NAPSA)

Satsingar

Hausten 2017 ønsker SEDAK å ta inn ein fotografarlærling på ein toårig lærlingkontrakt. Ein god opplæringsplan vil bli utvikla, denne basert på erfaringar frå Nasjonalbiblioteket som har fleire fotografarlærlingar. Det vil medføre at prosjektleiar brukar ein god del tid på opplæringa, noko som blir kompensert gjennom tilskot frå utdanningsavdelinga hos fylket.

Publisering av informasjon på IKAMR sine nettsider, kartlegging om mogleg bruk av sosiale medium som Facebook og Instagram. Publisering av materiale gjennom den nye Kulturnett databaseplattforma. Utvikling av fotoprofil og oppbygging av bildebank for IKAMR.

Ressursar

Nokre av prosjekta vil bli utført av prosjekttilsette (og ev. fotografølring), noko som vil gi gode resultat med tanke på utvikling av intern kompetanse, og gjennomføringsevne på handtering av store mengder materiale for digitalisering og import. Prosjektleiari vil stå for den faglege oppfølginga av prosjekttilsette.

SEDAK vil gjennomføre nødvendige oppgraderingar av utstyr i 2017. Dette gjeld kamerautstyr for storformat og bokleg materiale. Oppgradering av Capture One PRO software til Cultural Heritage versjon, samt datamaskiner/server for handtering av datafilene.

9. BUDSJETT 2017

Budsjett 2017 er for IKAMR på om lag same nivå som for 2016 (tatt hensyn til pris og lønsvekst). For dei fylkeskommunale tenestene (Kulturnett, Fylkesfoto og SEDAK) er det tatt utgangspunkt i tilskota.

Budsjett 2017															
Inntekter:		IKAMR	Kulturnett	Fylkesfoto	SEDAK										
	SALGSINNTEKTER, AVGIFTSPLIKTIGE	-155 000		-50 000	-32 500										
	REFUSJON FRA STATEN	-500 000													
	OVERFØRINGER FRA FYLKESKOMMUNEN	-181 000	-838 000	-733 000	-657 000										
	REFUSJON FRA FYLKESKOMMUNE	-961 000													
	REFUSJON FRA ANDRE KOMMUNE	-7 546 000		-15 000											
	BRUK AV BUNDNE FOND		-164 500	-195 000											
	Sum inntekter	-9 343 000	-1002500	-993 000	-689 500										
Utgifter:	Lønn og sosiale utgifter	4 794 000	769 000	690 000	383 000										
	HUSLEIE	2 640 000	39 000	37 000	88 000										
	KJØP AV VARER OG TJ. EGENPRODUKSJON	1 859 000	194 500	266 000	218 500										
	Finanskostnader	50 000													
	Sum kostnader	9 343 000	1 002 500	993 000	689 500										
	Prosjektbudsjettet blir satt når 2016 regnskapet er klart.														
Inntekter:		2002 Sandøy	2004 Averøy	2008 Aukra	2010 Norddal	2012 Borgund	2013 Smøla	2014 Ørsta	2016 Oppreisningsordninga	2017 Folkemusikk	2019 Herøy (bv, sos)	2020 Fylkesbib	2021 Kultv	2022 Kirk	
	SALGSINNTEKTER FRA PROSJEKTER (AVG.FRI)	-255 000			-100 000	-35 000	-73 000	-1 100 000	-438 000	-290 000	-82 500	-64 400	-26 500	-29 800	
	REFUSJON FRA ANDRE KOMMUNE														
	OVERFØRT BUNDNE FOND (fra 2015)			-70 000											
	OVERFØRT BUNDNE FOND (fra 2016)	-208 550	-55 000	-106 219	-14238	-30000	-83000			-82500	-64400	-26500	-29800		
	OVERFØRT BUNDNE FOND (til 2018)	163 550									88800				
	Sum grp. Art: 11 KJØP AV VARER OG TJ. EGENPRODUKSJON														
	Sum	-300 000	-55 000	-176 219	-114 238	-65 000	-156 000	-1 100 000	-438 000	-290 000	-165 000	-40 000	-53 000	-59 600	
Utgifter:	Lønn og sosiale utgifter	300 000	55 000	176 219	114 238	65 000	156 000	1 100 000	420 000	270 000	165 000	40 000	53 000	59 600	
	KJØP AV VARER OG TJ. EGENPRODUKSJON								18 000	20 000					
	Sum	300 000	55 000	176 219	114 238	65 000	156 000	1 100 000	438 000	290 000	165 000	40 000	53 000	59 600	

10. ØKONOMIPLAN 2017-2020

Økonomisk plan 2017 - 2020 Interkommunalt arkiv Møre og Romsdal IKS								
DRIFTSBUDSJETT	Budsjet 2017				Budsjet 2017	Budsjet 2018	Budsjet 2019	Budsjet 2020
	IKAMR	Kulturnett	Fylkesfoto	Sedak	IKAMR tot	IKAMR tot	IKAMR tot	IKAMR tot
Salgsinntekter	-155 000		-80000	-100000	-335 000	-335 000	-335 000	-335 000
Overføring fylkeskommunen	-181 000	-838 000	-733 000	-657 000	-2 409 000	-2 409 000	-2 409 000	-2 409 000
Refusjon fylkeskommunen(kontigent)	-961 000				-961 000	-961 000	-961 000	-961 000
Refusjon frå kommunane (kontingent)	-7 546 000		-15 000		-7 561 000	-7 561 000	-7 561 000	-7 561 000
Refusjon frå staten	-500 000				-500 000	-500 000	-500 000	-500 000
Andre eigeninntekter/ref					0	0	0	0
Sum inntekter	-9 343 000	-838 000	-828 000	-757 000	-11 766 000	-11 766 000	-11 766 000	-11 766 000
Lønn og sosiale utgifter	4 794 000	701 000	690 000	560 000	6 745 000	6 745 000	6 745 000	6 745 000
Husleige	2 640 000	37 000	37 000	88 000	2 802 000	2 802 000	2 802 000	2 802 000
Kjøp av varer og tjenester	1 859 000	100 000	101 000	109 000	2 169 000	2 169 000	2 169 000	2 169 000
Finansutgift renter/avdrag lån	50 000				50 000	50 000	50 000	50 000
Sum utgift	9 343 000	838 000	828 000	757 000	11 766 000	11 766 000	11 766 000	11 766 000
Resultat	0	0	0	0	0	0	0	0
* Budsjetten er oppsett med basis i 2017 kroner, og med same aktivitet i Kulturnett, Fylkesfoto og Sedak i økonomiplanperioden								
* Det er førebels ikkje teke omsyn til i budsjet/økonomiplan bruk av bunde fond på hhv:								
Art. 2510001 PRIVATARKIV	-59 336							
Art. 2510002 BUNDNE FOND KULTURNETT	-567 376							
Art. 2510003 PRIVATARKIVPROSJEKT 2006	-128 802							
Art. 2510004 BUNDNE FOND FYLKESFOTO	-324 573							
Art. 2510006 BUNDNE FOND SEDAK	-353 666							

11. ØKONOMIPLAN INVESTERINGAR 2017-2020

IKAMR vil investere i 640 000 kroner i nytt digitaliseringsutstyr i 2017.

Investeringa vert finansiert ved hjelp av lån i Kommunalbanken.

Investering		2017	2018	2019	2020	2021
	Utstyr	640 000	0	0	0	0
Finansiering	Mva komp.	120 000	0	0	0	0